



O-gruppa er ei av mange grupper i Voss IL. Gruppa eig og nyttar O-kart over ymse område i bygda: Bømoen, Prestegardsmoen/Haugamoen, Storåsen, Potten, Lemmesmarki og Hanguren. Ein har også høve til å nytta kart som andre O-lag eig. Frå april til midt i oktober er det stor aktivitet i O-gruppa.

Kva er orientering?

Orientering er å bruka kart og kompass til å planleggja og finna vegen til fots i terreng eller urbant. Orienteringsløp er delt inn i ulike klassar frå nybyrjar til røynde. På Voss legg vi mest vekt på å gi eit tilbod til dei som likar å vere ute, og som synst det er ekstra spanande når O-postar er målet.

O-trening, 9 onsdagar, 1 søndag i mai og 1 laurdag i oktober. Utan påmelding, fri start kl. 18-19 på onsdagar, kl. 12-14 søndag 14.5, kl. 12 laurdag 22.10. Dei som ynskjer får opplæring på staden.

O-løp, 5 torsdagar. Påmelding, fri start kl 18-19. Tidtaking og resultatliste.

Premie til alle born t.o.m. 12 år. Fine trekkepremiar for dei mellom 13 - 20 år. Sesongpremie for born som har delteke på minst 5 løp/arrangement og for vaksne med minst 8 løp.

Vossagamp – Eit langdistanseløp for 12 år og eldre. Løyper frå ca 4 – 11 km. Fellesstart. Høver best for røynde løparar.

Nattløp, her treng du litt røymsle frå løp/trening om dagen og ei god hovudlykt, men ho treng ikkje koste mykje.

Sjå også heimesida og lysingar i "Hordaland".
Treng du skyss? Avtal dette ved påmelding.

Prisar for "enkeltløp":

O-trening: Vaksne kr 30, born t.o.m. 16 år kr 20.

O-løp: Vaksne kr 60, born t.o.m 16 år kr 30.

Leige av EKT kr 20.- pr. gong (gjeld 17 år og eldre).

Spar pengar: betal startavgift for heile sesongen:

Born kr 200, vaksne kr 500, familie kr 800.

Konto 3480 11 86892 eller kontant på eit løp.

Medlemspengar til Voss IL kjem i tillegg og desse dekker medlemskap i alle grupper i Voss IL.

O-gruppa dekker startavgift for medlemmer som deltek på ranking- og kretsløp (+ sommarløp t.o.m. 20 år).

Orientering – er for alle!

O-løpa har klassar og løyper for alle aldersgrupper og nivå og er opne for alle som har lyst å prøva orientering. Lettaste løypa er **småtrolløypa**, for dei opp til 8-10 år. Løypa er merkt og frå 200-500 m lang. Ein nyttar ikkje kart. Neste løype er **nybyrjarløypa** på ca. 1 – 2 km i luftlinje. Løypa skal ha greie leielinjer. **Kortløypa** er ca. 2 km, og høver for røynde born og unge og vaksne ny-byrjarar. **Mellomløypa (B-nivå)** er ca. 3 km og **langløypa (A-nivå)** ca. 4 km.

Løypene er nye for kvar gong, likeeins kart og frammøtestad. På sprintløp er det kortare løyper.

Tur-orientering. Me kan tilby Nær-Trim, Foto-O og «vanleg» Tur-O - der du kjøper ein konvolutt med kart. Du kan også kjøpa «turar» på nett www.turorientering.no Postane skal vera lette å finna og er i år fordelt på karta Storåsen, Lemmesmarki og Kvålsåsen/Hanguren. Nær-Trim er i Bømoen og du finn dei tett i tett langs løype og stiar. Foto-O er for Prestegardsmoen og Vangen. Tur-O konvoluttar med kart og kontrollkort får du kjøpt frå 29.4.2017 hjå Endeve Sport i Vangsgt, Sport1 Amfi og på Turistkontoret i Utrågata (gamle postkontoret). Nettversjonen er tilgjengeleg ei veke før. Foto-O og Nær-Trim får du også kjøpt hjå Dyrdal Mat i Haugamoen. Meir info på www.turorientering.no Nær-Trim og "vanleg" Tur-O kan "klippast" på internett: www.turorientering.no/voss

Utstyr

Orientering på nybyrjarnivå krev lite utstyr: Stødige sko, ei lett, lang bukse og ein overdel. Kompass er lurt å ha. Deltek du ofte på løp, kan det vera greitt med eiga tidtakar-brikke og gjerne ei O-drakt, som er lett, trekk til seg lite vatn og tørkar fort. Tidtakarbrikke og O-drakt kan du kjøpe hjå O-gruppa. O-sko og leggbeskyttarar kan ein kjøpe på nett, på større løp eller ta kontakt med nokon i gruppa.



Voss Idrettslag

Eit utval tillitsvalde i O-gruppa sesongen 2017:

Leiar: Tone Handegård, 416 06 412

E-post: tonhan67@gmail.com

Nestleiar: Jan Frode Seim, 917 17 230

E-post: jan.seim@voss.kommune.no

Kasserar: Ann Merete Handegård, 915 76 079

E-post: voss@notabene.no

Skrivar: Bernt Heggøy, 930 16 574

E-post: b-heggoe@online.no

Ungdomsrepr: Lars Andreas Een, 919 91 211

E-post: lars.andreas.een@gmail.com

Kart/løyper: Knut Skiple, 917 10 594

E-post: knut@kskiple.no

Utstyr: Ottar Bakketun, 938 99 441

E-post: ottar@bakketun.net

Tur-O: Kjellaug Grødem, 950 48 021

E-post: kjgroed@online.no

Nær-Trim og Foto-O: Marianne Bakketun, 992 789 36

E-post: marianne@bakketun.net



VOSS SPAREBANK Konto: 3480 11 86892

Noko du lurar på? Ta kontakt!

O-gruppa på nett: <http://orientering.vossil.no/>

E-post til gruppa: ogruppa.voss@gmail.com